# Fusjonsprosjekt Fagleg plattform, prosess og strategi

## Mandat for prosjektet

Mandat og overordna rammevilkår for prosjekt fagleg plattform, prosess og strategi går fram av fusjonsprogrammet, som vart vedteke av interimsstyret for Høgskulen på Vestlandet 16.09.16: http://fusjonsinfo.no/wp-content/uploads/2016/09/2016-01.pdf (side 76). I fusjonsprogrammet framgår det at prosjektet skal:

1. Kartleggje og skildre grunnleggjande utdannings- og forskingsområde i den nye høgskulen.
2. Skildre framståande trekk ved utdanningsprogramma og forskingsverksemda.
3. Skildre den nye høgskulen sin eigenart og kjerneverdiar.
4. Drøfte prinsipp som skal liggje til grunn for strategisk fagleg utvikling og samkøyring av utdanning.
5. Føreslå faglege visjonar, mål og prioriteringar for den nye høgskulen i perioden fram til 2023.
6. Kome med forslag til område kor den nye høgskulen kan vere nasjonalt leiande.
7. Identifisere område kor den nye høgskulen har særleg moglegheit for å lukkast internasjonalt.
8. Føreslå moglege tverrfaglege satsingsområde for den nye institusjonen.
9. Utarbeide ein plan for realisering av universitetsambisjonen i den nye høgskulen, der eksisterande og planlagde doktorgradsprogram inngår. Rolle og status til dei eksisterande forskingssentra skal vurderast og inkluderast i arbeidet. Målet er å søkje om universitetsstatus innan 2023.

## Sentrale premissdokument

1) Fusjonsplattform og kongeleg resolusjon
2) Fusjonsprogrammet
3) Innstilling frå dekangruppa sitt forprosjekt *Overordna fagleg profil og visjon*

## Prosjektstruktur og hovudleveransar:

Prosjektet har oppretta eit delprosjekt:

- Forslag til plan for gjennomføring av universitetsambisjonen innan 2023, samt vurdering av forskingssentra si rolle og status i den nye høgskulen. (Leiar for delprosjektet: Gro Anita Fonnes Flaten)
- Reisten av mandatet blir ivareteke av hovudprosjektet, knytt til leveranse 1: Forslag til kjerneverdiar, faglege visjonar, mål og prioriteringar for den nye høgskulen, samt forslag til prinsipp for strategisk utvikling og samkøyring av utdanningsløp.

## Prosjekt- og styringsgruppe

**Prosjektleiar:** Knut Steinar Engelsen
Prosjektgruppe: Gro Anita Fonnes Flaten (HiB), Bjørg Hafslund (HiB) og Randi Skår (HiSF).

Prosjektstøtte frå programsekretariatet: Lene Borgen Waage, Georg Arnestad og Anne Marthe Hanstveit

**Styringsgruppe**:

- Knut Steinar Engelsen, HSH
- Eva Haukeland Fredriksen, HiB
- Geir Anton Johansen, HiB
- Anne Robbestad, HSH
- Randi Skår, HiSF
- Stein Joar Hegland, HiSF
- Tina Åsgård, tillitsvald for NTL/LO Stat, HiB
- Joar Sande, tillitsvald for Akademikerne, HiSF
- Marit Breivik, tillitsvald for Norsk sykepleieforbund, HiB
- Cecilie Fredheim, student, HSH
- Per Walther Lassen, student, HiSF
- Eigil Hole Lønning, student, HiB (midlertidig fram til formelt valg er gjort i parlamentsmøte i oktober)
- Svenn Åge Dahl, adm dir i Samfunns- og næringslivforskning (SNF) ved NHH
- Mimi Bjerkestrand, rektor på Slettebakken skole og tidligere leder i Utdanningsforbundet

## Milepælsplan

| Pkt | Tema | Delprosjekt | Mandat | Kjelder | Første utkast | Høyrings-vindu | Handsaming interimsstyre | Leveranse | Kommentar |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | Kartlegging i avdelingane og analyse av profilområde som trer fram av denne | 1 | 1,2,3 | Fokussamtalar internt<br>Strategiske dokument<br>Statistikk<br>Premissdokument | 14.10. | 14.10-01.11 | 21.10 | Del av leveranse 1 | Prosess og førebelse funn vil bli diskutert med styringsgruppa 05.10 |
| 2 | Forslag til prinsipp for fagleg utvikling, samkøyring av utdanningar og tverrfaglege/profesjonelle satsingsområde | 1 | 3,4,8 | Fokussamtalar internt<br>Strategiske dokument<br>Statistikk<br>Premissdokument | 01.12 | | | Del av leveranse 1 | |
| 3 | Føreslå faglege visjonar, mål og prioriteringar for den nye høgskulen i perioden fram til 2023 | 1 | 5 | Fokussamtalar internt og eksternt<br>Premissdokument | 01.12 | | | Del av leveranse 1 | |
| 4 | Forslag til område der HVL skal vere nasjonalt og internasjonalt leiande | 1 | 6,7 | Fokussamtalar internt<br>Strategiske dokument<br>Statistikk<br>Premissdokumen | 01.12 | | | Del av leveranse 1 | |
| 5 | Oversikt over vilkår for å kunne kvalifisere for å få universitetsstatus i 2023 | 2 | 9 | Studiekvalitetsforskrift<br>Studietilsynsforskrift | 01.12 | | | Del av leveranse 1 | |
| 6 | Leveranse 1 | | 1-8 | | 01.12 | 01.12-10.12 | 22.12 | Leveranse 1 | |
| 7 | Plan for realisering av universitetsambisjonen for HVL fram mot 2023 | 2 | 9 | | | | | Leveranse 2 | |

## Arbeidsform

- Prosjektgruppa legg opp til om lag eit møte per veke. Hovuddelen av desse møta blir på Skype for business. I tillegg leggast det opp til om lag 5 fysiske arbeidsmøte.
- Styringsgruppa vil få høve til å spele inn både gjennom e-post/forum på Office 365 undervegs i arbeidsprosessane og gjennom om lag 2 fysiske styringsgruppemøte (primo oktober og medio november).
- I samband med punkt 1 i milepelsplanen (Kartlegging i avdelingane og analyse av profilområde som trer fram av denne) vil det bli gjennomført intervju med fagavdelingane og PhD-programma ved HiB, HiSF og HSH i perioden 22.9-7.10. Formålet med denne kartlegginga er å få kvalifiserte synspunkt frå grunnorganisasjonen, under dekan-nivå, om kva fagleg profil dei meiner avdelinga har.
- I samband med punkt 2-4 i milepelsplanen vil det bli gjennomført fokussamtalar internt og eksternt på tvers av institusjonar og fagområde. Eksternt vil det både vera relevant å ha samtalar med andre som nyleg har fusjonert og representantar frå samfunns-, arbeids- og næringslivet.
- Innspelsrundar/høyringar blir gjennomført i samarbeid med prosjekt 2: fagleg og administrativ organisering.
- Prosjektet nyttar fusjonsinfo.no som ein kanal for kommunikasjon. Prosjektet vil her gå ut med informasjon om framdrift og konklusjonar etterkvart som dei er klare.

## Budsjett

I tabellen under det estimert eit budsjett for prosjektarbeidet. Det er ikkje avtala frikjøpsordningar, vikarordningar eller liknande knytt til prosjektarbeidet. I budsjettestimatet er det dermed berre kostnader i knytt til fysiske møter som er inkludert: reise, overnatting og kost.

| Møtetype | Kostnadsspesifikasjon | Antall deltakarar | Sum |
|---|---|---|---|
| **Styringsgruppemøter** | 2 fysiske møte, inkl. reise og kost. | 19 deltakarar. Antallet tilreisande varierer mellom 7 og 11 avhengig av kvar møtet er. | 68 000,- |
| **Prosjektmøter** | 5 fysiske møter, inkl. reise og kost.<br>2-3 av møta inkluderer overnatting. | 5-7 deltakarar. Antallet tilreisande er om lag 4 per møte. | 70 000,- |
| **Diverse** | | | 20 000,- |
| **Totalt** | | | 158 000,- |